



KYSTPASS 2023



30 RAMSALTE TURMÅL FOR STORE OG SMÅ!

Naturopplevingar for livet!

Sotra Øygarden Turlag






 FØLG OSS
 

Støtt gjerne arbeidet med Kystpasset.
Bruk vippsnummer:

689652

Merkast "Kystpass2023"



ÉIN TIME I NATUREN

Kystpasset vert stadig meir populært og det er fleire grunnar til det. Den viktigaste grunnen er nok at Kystpasset er gratis og lett tilgjengeleg. Mange kjenner óg på meistring og glede over å samle på klipp. For barn vert måloppnåinga meir visuelt når ein klipper i klippekortet framfor å berre sjekke inn digitalt.

Men kva er det som gjer at stadig fleire søker ut i naturen? For oss som arbeider med fremjing av friluftslivet er svaret enkelt: tur gjev deg ro i sjela og du får lada opp til kvardagsoppgåvene. No syner óg forskning at du treng berre éin time i naturen for å redusere stress.* Dei fleste turane i Kystpasset tek faktisk rundt ein time å gå. Det å få barn med på tur i desse digitale tider kan vere krevjande, men det er som oftast vegen frå stova til utgangsdøra som er den mest krevjande delen av turen. Så snart kroppen får bevege seg og skarpe barneblikk får utforske detaljar på turen vert stress gjort om til sprudlande glede.

Det er ofte på tur at dei gode historiene vert skapa. Trolsk stemning i skogen vert til eit lite eventyr. Gamle tre og store steinar

vert omdanna til eventyrlege skapningar. Eller sjå for deg nistepausen ute i havgapet der det flyg ei måse forbi som kikkar ned i det den svever rett over deg. Vart ho litt freista av den gode nistepakka di? Mange snakker om turopplevingar frå barndomen. For enkelte var det ein del av oppdraginga å gå på tur kvar helg. Andre hugser gjerne enkelturar, enten det var fisketur eller fleire dagar i fjellet. Me tek dette med oss inn i vaksenlivet og fører vidare opplevingane til neste generasjon, eller til våre vener.

Under pandemien fekk friluftslivet ny mening for mange. Tunge dagar med restriksjonar vart lettare då me kunne gå ut i naturen. No treng me heller ikkje å halde avstand. Me kan sitte tett i tett og varme kvarandre på ein vindfull dag. Vår psykiske helse treng dette. **Det er nettopp når dørstokkmila er lang at turopplevinga vert ekstra god.**

Beste helsing
Heidi Reisegg Endal,
Styreleiar i Sotra Øygarden Turlag

*kjelde: NRK.no 13. oktober 2022



I 2013 lanserte Fredrik Mortensen, tidlegare leiar for Sund turlag, idéen om Kystpasset. Alle som var med i styret den gong var positive til forslaget. Det vart danna ei arbeidsgruppe som utvikla Kystpasset vidare. Det første Kystpasset vart lansert påska 2013. Det vart suksess allereie første året og sidan den gong har nye Kystpass blitt produsert kvart år. Heidi Fjell har vore vår trufaste designar i alle desse åra. Det var ho som foreslo slagordet «Ramsalte turar for store og små». I 2019 vart det danna ei større arbeidsgruppe, med representantar frå andre lokale turlag, velforeiningar og kommunen. Denne gruppa utvikla det første Kystpasset som dekkar heile nye Øygarden kommune.

Dette vart starten på eit nytt Kystpass-eventyr som skulle vise seg å ha stor verdi i



Fredrik Mortensen var tidlegare leiar i Sund turlag. Foto: André Marton Pedersen.

åra med pandemi. Mange oppdaga dette lågterskeltilbodet og Kystpasset vart kjend langt utanfor våre kommunegrensar. Øygarden kommune har mange vakre naturperler å by på. Her er det eit unikt kystlandskap med alt frå ville klipper ute i havgapet, til små strender skjult i lune viker, grønne skogar med eventyrstemning og luftige fjelltoppar. Me har noko for ein kvar smak og det er gjerne nettopp difor Kystpasset har blitt så populært.

I mars 2023 vann Sotra Øygarden Turlag folkehelseprisen i Øygarden grunna arbeidet med Kystpasset.

Tusen takk for alle tilbakemeldingar frå dykk som brukar Kystpasset. Dette hjelper oss med å stadig utbetre heftet. Avslutningsvis vil vi også takke alle våre sponсорar som gjer dette heftet mogeleg.



Det fyste Kystpasset blei lansert for innbyggjarane i Sund kommune i 2013.

INNHALD

- 2. ÉIN TIME I NATUREN
- 4. Kystpass JUBILEUM
- 5. Bua Øygarden
- 6. Rett til fri ferdsel ja, men...
- 7. Bålbrenning og Turvett
- 8. Fritidsfiske
- 10. Tur i jaktseongen
- 11. Bli frivillig
- 12. UT.no
- 13. Miljøvettreglene
- 14. **TURAR: SØR**
- 16. Lerøy
- 17. Børnestangen
- 18. Gløpsa
- 20. Grana "livets portal"
- 21. Bekhilderen
- 23. Selekletten
- 24. Vetan
- 25. Randifjell
- 26. Storaskjenet
- 27. Haganesfjellet
- 28. **TURAR: MIDTEN**
- 30. Liatårnet
- 31. Høgafjellet
- 32. Kanikahaugen
- 33. Larslibua
- 35. Spjeldsfjellet
- 36. Gardafjellet
- 37. Signalen på Møvik
- 38. Maggevikja
- 39. Sandeie
- 41. Ånesvika
- 42. **TURAR: NORD**
- 45. Storskora
- 46. Jurefethaugen
- 47. Ormhilleren
- 48. Anekletten
- 49. Dethloffhytta
- 50. Rambua
- 52. Skogsøy
- 53. Kvednane
- 54. Gløvrebu
- 55. Rubbegarnståna
- 56. Oppdag Øygarden
- 57. Hovudsponsorar
- 62. Gutta på tur
Hovudsponsor
Om turgruppene
- 63. Barnas turlag
- 63. Tirsdags- og Onsdagsgruppa
- 65. Søndagsgruppa
- 66. Slik bruker du klippekortet
- 67. Klippekort

BUA[®]
ØYGARDEN

Manglar du noko til turen? Her kan du låna utstyr!

På BUA i FriHuset på Ågotnes kan du låne det meste til idrett, leik og friluftsliv, både sommar og vinter, heilt gratis. Vi har ski, telt, soveposar, sekk, primus og mykje meir.



Opprett profil

Alt du treng er å oppretta ein profil på bua.no. Er du under 18 år, må ein føreset oppretta profil og registrera deg som medlånetakar. Du kan låne utstyr i inntil syv dagar.

bua.no | bua@oygarden.kommune.no

RETT TIL FRI FERDSEL JA, MEN....

DETTE MÅ DU VITE OM FRILUFTSLOVEN OG ALLEMANNSRETTE:

Allemannsretten gjev alle rett til å ferdast og opphalde seg i utmarka i Noreg – når ferdsele "skjer med omsyn og med tilbørleg varsemnd". Allemannsretten er lovfesta i friluftsløven.

Det er viktig å skille mellom innmark og utmark:

INNMARK ER

- ♦ Gårdsplass, hustomt, dyrka mark, engslått og kulturbeite eller liknande områder
- ♦ Små utmarksarealer som er omslutta av innmark
- ♦ Områder som er sperra av til vern av drikkevatt, områder reservert for vilttopprett, annan næringsverksemnd eller militær aktivitet

UTMARK ER

- ♦ Alt som ikkje er innmark
- ♦ Det meste av skog, fjell, myr, strand og vatn

Det er ikkje lov å ferdast på innmark. Unntak gjeld dersom eng eller åker er frosne eller snødekt i tida 15. oktober til 29. april.

Det er lov å dra opp båt eller kano på strandstrekning i utmark, for kortare tid. Du kan ikkje bruke kai eller brygge utan løyve frå grunneigar eller brukar.

Du kan fritt telte same stad i utmark inntil to døgn i låglandet, men ikkje nærare enn 150 meter frå hus eller hytte.

Ville blomar, bær og sopp kan plukkast fritt. Sjøfiske er også lov. Det er lokale reglar for fiske i ferskvatt og vassdrag. Sjå informasjon på kommunale sider.

Følg ellers lokale forskrifter for båndtvang.



Bekhilderer

BÅLBRENNING

Det er generelt bålforbod i perioden 15. april til 15. september.

Dette inneber forbod mot å tenna opp bål og grill i, eller i nærleiken av skog og anna **utmark**. Brannvesenet kan likevel gje løyve til å tenna opp bål, om du søker om dette. Sjekk alltid kva reglar som gjeld før du tenner opp bål.

TIPS TIL TRYGG BÅLBRENNING:

- Ta omsyn til skogbrannfare og vindtilhøve.
- Det er alltid den som brenn bål som har ansvaret for branntryggleiken.
- Det bør vera ein vaksen, edru person som er ansvarleg for bålet.
- Bålet må vera i god avstand frå busetnaden og vegetasjon.
- Det er ikkje lov å brenna bål på svaberg.
- Bålet må ikkje vera større enn at du har kontroll på det og kan slokke ved behov.
- Ha eigna sløkkeutstyr lett tilgjengeleg.
- Det er forbode å brenna plast, bygningsmaterial og anna søppel.
- Når du forlet bålplassen skal bålet vera heilt sløkt.



NÅR DU NYTER NATUREN TIL FOTS, HUGS Å:

- ♦ Ta med deg søppelet ditt heim
- ♦ Bruke offentlege toalett der det er tilgjengeleg. Om ikkje, grav ned eller på annan måte sørg for at det ikkje er til sjenanse for andre
- ♦ Ikkje forstyrre dyre- og fugleliv, særleg i yngle- og hekketida
- ♦ Ikkje skade planteliv, særleg ikkje trua og sårbare artar
- ♦ Ikkje forstyrre husdyr på beite. Lukk grinder etter deg
- ♦ Respektere andre turgåarar sitt behov for avstand og stille
- ♦ Ikkje ta snarveggar over innmark, gjennom tun eller i nærleiken av hus/hytter der det bur folk
- ♦ Vere varsam med eld og hugse å slukke bål heilt før du forlet det. Hugs bålforbod 15. april - 15. sept.
- ♦ Ikkje skade tre når du skal finne ved til bålet – bruk tørre kvistar som du finn på bakken
- ♦ Ikkje legge bålplassen rett på svaberget, då kan berget spreke.

Meir informasjon om allemannsretten finn du på nettsidene til Miljødirektoratet.



FRITIDSFISKE i Øygarden kommune




FOTO: Espen Eilstad

FISKARAVGIFT / FISKEKORT

Det er fritt fiske i sjøen og på havet, men med to unntak:

- ♦ Fiske inst i Fjellspollen er regulert grunna krav om fiskekort i Fjellsvassdraget.
- ♦ Fiske innafor 100 meter frå utlaupet av Litlepollen er forbode i perioden 16.09 – 30.06.

Det er som hovudregel ikkje krav om fiskekort for fiske i innsjø/elvar i Øygarden kommune. Vanlegvis er det heller ikkje nødvendig med løyve frå grunneigar til såkalla tålt fiske med stong frå land. Fiske med garn må ha samtykke frå grunneigar. Venlegst avklar med grunneigar før ein går over innmark for å kome til fiskevatn.

Det er krav om fiskekort for fiske i Fjellsvassdraget. Dette kan du kjøpa på Cirkel K (Fjell gard) og hjå Sotranot as (Sartor Storsenter). **Fiskeperioden er frå 01.07 – 15.09.**



TUR I JAKTsesongen

Jaktsesongen varer frå 1. september – 23. desember (hjortejakt)

Mange av våre Kystpassturar ligg i område der det føregår jakt om hausten. Du har gjerne sett skilt med «fare, jakt pågår» Det betyr ikkje at det er ulovleg å gå på tur. Allemannsretten sikrar fri ferdsel i utmark heile året. Likevel kan det vere greitt å ha jakta i tankane når du skal på tur i jaktseasonen.

HER ER NOKRE TIPS FOR Å GJERE JAKTSEONGEN BEST MOGLEG FOR BÅDE TURGÅAR OG JEGER:

1. Dersom mogleg: unngå tur i demring og skumring. Mellom klokka 11-16 er det lite sannsynleg at jeger er på post.
2. Bruk gjerne klesplagg med sterke neon oransje eller gule fargar (til dømes vest, hue eller buff) Desse fargane skil seg frå andre fargar i skogen.

3. Unngå å bruke kvite eller brune klesplagg. Kvite sokkar eller hanskar kan forvekslast med bakparten på ein hjort.
4. Hald hunden i band. Hunden bør óg ha vest, band eller halsband med neonfargar. Eventuelt kan du knytte eit oransje eller gult tørkle rundt halsen til hunden.
5. Hald deg på merka sti, og unngå så langt det let seg gjere å gå utanfor skogsveggar og turstiar.
6. Opptre høfleg og respektfull mot jegerar og turgåarar. Unngå unødig bråk då dette gjer oppgåva til jegeren vanskelegare.

Kjelde: DNT Ringerike og Miljødirektoratet.



Foto: Thomas Mørch

BLI FRIVILLIG

«Det fins ikke dårlig vær, bare dårlige klær...»

Ja, godt fottøy er viktig når man skal gå på tur i Øygarden kommune. Det er mykje myr og småvatn i kystlandskapet.

Mange frivillige gjer ein kjempejobb med å lage kloppar i sårbart terreng. Men kloppar er ferskvare og treng stadig vedlikehald. Det er hundrevis av stiar i kommunen vår, så det seier seg sjølv at det trengs mange frivillige for å halde bygverka vedlike.

Sotra Øygarden Turlag har berre eit fåtal frivillige som held på med dugnad. **Me ønsker oss eit levande dugnadsmiljø og treng fleire med på laget.** Tenker du at dette er noko for deg? Det treng ikkje å vere ein stor jobb. Om du berre kan vere med ein gong eller to i året er det heilt greitt. Dugnad er i alle fall veldig sosialt og kjekt. Det er også navet i heile stinettverket vårt, så jobben har stor innverknad på folkehelsen vår.



KONTAKT OSS DERSOM DU HAR LYST TIL Å BIDRA
Scann qr-koden og meld deg som frivillig her →
Eller send oss ein e-post: sotraoygarden.turlag@dnt.no



www.bergenoghordalandturlag.no/vil-du-bli-frivillig/

UT

DNT SjekkuT

Dersom du ynskjer å bruke Kystpasset digitalt kan du bruke UT-appen.

Viss du ikkje har UT-appen frå før lastar du den ned i google Play (android) eller Appstore (iphone) og oppretter bruker. Appen er gratis. Hugs å svare "Tillat" på tilganger.

KYSTPASSLISTA FINN DU I UT-APPEN. SLIK GJER DU:

Opne UT-appen > Skriv Kystpass i søkefeltet øverst og scroll nedover søketreffa > velg Kystpass 2023 > trykk på Følg lista. Du er påmeldt og du kan sette i gang.



NÅR DU SKAL SJEKKE INN (MAKS 100M FRÅ TURMÅLET):

Opne UT-appen > trykk på huskelister nederst til høgre > trykk på lister jeg følger > trykk på Kystpass 2023 > scroll ned til turen du vil sjekke inn på > trykk på SjekkuT > signer i gjesteboka og ta eit bilete om du vil. Du kan også finne turmålet ved å gå rett inn på kartet. Hugs at det ofte er fleire turpostar på same plass. For å få rette innsjekk må du sjekke inn via lista.

I lista ligg det berre Turmål (= eit gps-punkt). Her er det berre informasjon om sjølve plassen. Kvart turmål er lenka til Turforslag (= nøyaktig skildring av tur, adkomst og kart med nedlastbar gpx-fil) Denne lenka ligg eit stykke nede på sida til turmålet, under Lenker.

Her får du mykje meir informasjon om korleis du kjem deg til turmålet, og i enkelte tilfelle meir info om turane.

FORKLARING PROFIL:

Mine SjekkuT-besøk = dine innsjekkingar.

Mine lister = ikkje aktiv (Denne funksjonen er flytta til eigen knapp i appen).

Mine turer = turforslag du har lagra.

Mine offline kart = kart du har lasta ned.

Mine SjekkuT-besøk og Mine lister er dei me bruker i samband med Kystpasset.

miljøvett-reglene



REIS MINDRE, OPPLEV MER

Jo kortere du reiser, jo mer tid får du til selve turen.



SATS PÅ OPPLEVELSER, IKKE UTSTYR

Turutstyr trenger ikke være nytt for å gjøre nytta si.



FIKS ALT, ALLTID

Gjør gaffateip, ståltråd og lommekniv til fast inventar i tursekken.



SPIS GRØNT

Det er viktig å få i seg næring på tur. Å spise grønt er bra både for miljøet og helsa.



SAMKJØRING ER BRA KJØRING

Hvis du må reise langt for å komme deg på tur, bruk god tid på planlegging av turen.



VÆR RUSTET MOT UVENTET SØPPEL

Å ha hodet med seg på tur er viktig, også når det kommer til hva du etterlater deg.



VIS VEI, VÆR ET KLIMAFORBILDE

Vær en del av klimaløsningen, ikke problemet!

LES MER OM MILJØVETTREGLENE PÅ:

www.dnt.no/miljovettreglene/



Golta i solnedgang



Haganesfjellet | Foto: Kine Fjellstad



Glesvær



Lerøy




Grana – Livets portal

FLOTTE TURAR I SØR

Sør i Øygarden er det flott natur og turane som vert presentert her er eit fint høve til å verta kjent med dette området. Turane passar for både store og små.

| TURAR I SØR | SIDE |
|----------------|------|
| Lerøy | 16 |
| Børnestangen | 17 |
| Gløpsa | 18 |
| Grana | 20 |
| Bekhilderen | 21 |
| Selekletten | 23 |
| Veten | 24 |
| Randifjell | 25 |
| Storaskjenet | 26 |
| Haganesfjellet | 27 |



Høgafjellet



Lerøy

| | |
|-----------------------|--|
| Startpunkt | Fergekai. Fergerute Hjellestad-Klokkarvik, skys.no. |
| Normal gangtid | Ca. 1 time. 2,8 km (rundt vatnet). Evt. 45 min. 2 km t/r fra kaien til turkassen. |
| Høgde | 40 m.o.h. |
| Parkering | Klokkarvik fergekai. Fergetider finn ein på skys.no. Fergeturen tek ca. 7 minutt. |

TURSKILDRING: Stien startar ca. 1 km frå kaien, første halvdel asfalt, deretter grus fram til start. Startskilt inn til høgare ved hytte. Tydeleg sti fram til Storavatnet. Ved opning i gamal steingard, gå til venstre. Der er det vått parti. Lett synleg sti langs vatnet. Kjem til nytt vått parti når ein nærmer seg Grønhaugen og turkasse. Frå toppen fortsetter stien til høgare. No går stien ned til badeplass, langs vatnet og fram til stislutt ved nr. 41. Turen rundt vatnet er ein idyllisk og fin tur.

Det er også mogleg å ta ein fin padletur over til Buarøyna rett sør for Lerøy. Gå frå fergekaien inn mot Seilbakken, gjennom tunnel ca 200m. Her er det fint å sjøsette kajakken. Det er gratis å ta med kajakk på Lerøyferga. **Les meir om turen på UT.no**



Børnestangen

| | |
|-----------------------|---|
| Startpunkt | Gamle Sund skule |
| Normal gangtid | 2 timar. 5,6 km t/r |
| Høgde | 5 m.o.h. |
| Parkering | Parkeringsplass vis a vis gamle Sund skule (Sundvegen 1709) Det er ikkje mogleg å parkere ved stistart. Privat tomt. |

TURSKILDRING: Om ein kjem køyrande frå nord, køyr rett forbi gamle Sund skule (Sundvegen 1709) og parker på parkeringsplass på høgare side av vegen. Gå oppover vegen (450 m) til bakketoppen. Kryss hovedvegen og følg Nedre Børnes til stistart. Til saman 1,2 km på asfalt. Vis omsyn når du går over privat oppkørsel. God sti vidare, noko vått enkelte stader. Fin badevik like etter stistart og ute ved Tangaspissen. Ved høg vasstand kan det vere utfordrande å gå stien på austsida (til venstre der rundturen startar). Fin utsikt utover Korsfjorden på heile turen. Dyr på beite heile året. Ha respekt for gjerder og lat att grunder. Hund i band. **Les meir om turen på UT.no**





Gløpsa (Flott utsikt mot Golta og vest i havet)

| | |
|-----------------------|--|
| Startpunkt | Glesnes skule |
| Normal gangtid | Ca. 2,5 timar. 7,5 km rundtur |
| Høgde | 44 m.o.h. |
| Parkering | Glesnes skule (NB: ingen parkering ved Glesvær Kafé) |

TURSKILDING: Variert tur gjennom både skog og ope kystlandskap. Nokre våte parti, bruer og klopper på dei våtaste partia. Frå Glesnes skule går ein ca 400 m via byggefeltet. Gå inn stien til venstre for hovudvegen, i vestleg retning. Når ein kjem til Goltavegen skal vegen kryssast. Gå litt mot venstre, der held stien fram. Rett etter dette går stien mot høgre, ein skal ikkje følge traktorvegen. Turposten er på den høgaste toppen, Gløpsa. Følg deretter stien vidare mot aust. Når ein kjem inn mot to hytter og privat veg går ein ut på vegen att og tek mot høgre. Vis omsyn dersom hytteeigar er tilstades. Ved snuplassen går ein inn på traktorvegen til høgre og etterkvart over på sti. Her passerer ein kunstverket "Iomviene". Etterkvart kjem ein ut att til vegen, ved moloen og ein passerer Glesvær Kafé. Gå vidare på Glesnesvegen, ta inn til høgre på Vodlavegen. I enden av Vodlavegen går det ein grusa turveg. Deretter følg vegen til der turen starta. **Les meir om turen på UT.no**



Englabogskjæret, Glesvær | Foto: Fredrik Mortensen



Holmafjæra på Glesvær | Foto: Fredrik Mortensen



Grana, "Livets portal"

| | |
|-----------------------|---------------------|
| Startpunkt | Telavåg skule |
| Normal gangtid | 1,5 time. 4 km t/r. |
| Høgde | Ca. 7 m.o.h. |
| Parkering | Telavåg skule |



Skann QR-koden og sjå filmen om kunstverket

TURSKILDING: Gå vidare innover vegen frå skulen. Rett før siste hus går stien ned til venstre (skilt mot Sørvika/Nesvika). Følg raude merkepinnar gjennom skogen til ein kjem til ei stor grasslette. Kryss heile sletta. Ein går då forbi klatreområdet "Fiskesleppet" på høgre side. På venstre side går det ein sti bort til ein lavvo. Følg skilting mot Granane. I enden av grassletta går ein ut på sti igjen. God sti i lett terreng. Kan være vått heilt i starten av turen. Flotte svaberg og utsikt mot havet.

Les meir om turen på UT.no



Bekhilderen

| | |
|-----------------------|---|
| Startpunkt | Telavåg idrettsplass |
| Normal gangtid | 2,5 timar. 5,6 km t/r (frå stistart) |
| Høgde | Ca. 14 m.o.h. (turkassen) 1,5 m.o.h. (hulen, ved fjøre) |
| Parkering | Telavåg idrettsplass. |

TURSKILDING: Kryss hovudvegen og følg denne litt tilbake. Gå ned til høgre, Selstøsjøen (infotavle her). Følg vegen og gå inn til Håvarden, på venstre side av vegen. Følg vegen til toppen av bakken. Her er stistart til venstre. Først grusveg, så over på sti. Ein kan sjå eit restaurert kvernhus på venstre side i enden av skogen. Herfrå går stien skrått oppover til venstre og deretter til høgre. Stien er merka med blå merker. Nokre bratte parti på denne turen. Ved stiskille tek ein til høgre: "ytre løype". Raude merkepinnar vidare. Ved skilt mot Bekhilderen, gå mot vest (høgre). Følg terrenget mot vest og gå ned på venstre side av klippen. Turkassen står i terrenget før ein kjem til svaberga. Gå mellom steinblokkene og gå langs fjellveggen ut til Bekhilderen. OBS: følg med på tidevannstabell! Ikkje mogleg å gå inn/ut av grotta utan at det er MAKS fjøre. **Les meir om turen på UT.no**





Selekletten

Les meir på ut.no



Selekletten

| | |
|-----------------------|--|
| Startpunkt | Tofterøy skulehus |
| Normal gangtid | Ca. 2 timar rundtur. 4,8 km |
| Høgde | 60 m.o.h. |
| Parkering | Parkeringsplass på nedsida av Tofterøy skulehus. |

TURSKILDING: Følg FV 560 retning Steinsland. Rett før Steinsland: køyr til høgge og inn på Tofterøyvegen. Følg denne fram til Tofterøy skule. Frå Parkering: gå tilbake på hovudvegen langs vatnet. Ta første veg til høgge etter vatnet. Følg vegen innover til du får ei lita grind på høgge side. Gå gjennom grinda og følg stien som er merka med raude merkepinnar. Kan også starte i andre enden av rundturen: gå tilbake på vegen langs gjerdet til skuleplassen. Ta av til høgge ved enden av gjerdet. Følg raude merkepinnar. Dette er ein fin tur i relativt flatt terreng. Nokre våte parti. Beitedyr på innmark langs vatnet. Vis omsyn. Ta gjerne turen oppom Selefjellet. Fin badeplass i Skjelevika. **Les meir om turen på UT.no**





Veten

| | |
|-----------------------|---|
| Startpunkt | Mange startpunkt – dei mest brukte er Stranda skule og Førde. |
| Normal gangtid | 2 - 3 timar. 4 - 4,4 km t/r (avhengig av startpunkt). |
| Høgde | 284 m.o.h. |
| Parkering | Førde/Stranda skule |

TURSKILDING: Frå Førde: Om ein kjem frå nord, køyr eit stykke forbi Klokkarvik. Ta av vegen til høgre ved skiltet mot Førde. Køyr nesten til endes. Her er parkering og skilt mot Veten. Følg grusvegen (Vetenvegen) oppover frå parkeringen, hald til venstre. Etterkvart over i terreng. Jamn stigning. Frå Stranda: Stien startar ved bassenget (bygning på venstre side før stien). Nokre 100m innover grusvegen kjem du til ein lavvo og "Gitaren" som er eit flott byggverk. Fin sti vidare. Ved stiskille mot Storevarden fortsetter stien rett fram gjennom Vetadalen. Ny stigning på slutten. Nær toppen passerer ein flymotoren etter flystyrt i 1948 (les meir på UT.no). Veten er den høgaste toppen sør i kommunen. Kikkert og sikteskive på toppen som viser fjelltoppar i 33 kommunar. **Les meir på UT.no**




Randifjell

| | |
|-----------------------|--|
| Startpunkt | Førde eller Vorland |
| Normal gangtid | Førde: ca 2,5 timar, 6 km t/r. Vorland: ca 2 timar. 5 km t/r |
| Høgde | 240 m.o.h. |
| Parkering | Førde eller ved gamle Haugeskulen (Sundvegen 630) |

TURSKILDING: Frå Førde: Om ein kjem frå nord, køyr eit stykke forbi Klokkarvik. Ta av vegen til høgre ved skiltet Førde. Parkering eit stykke opp i vegen og skilt mot Veten. Følg grusvegen (Vetenvegen) oppover frå parkeringen, hald til venstre. Etterkvart over i terreng. Følg stien til det kjem skilt mot Randifjell. Følg merking vidare til Randifjell.

Frå Vorland: Parkering ved gamle Haugeskulen (Sundvegen 630).Turen går via Vorlandstuva. Følg grusveg til enden av Vorlandsvatnet. Følg sti til høgre mot Vorlandstuva. Bratt stigning eit lite stykke. På toppen av stigningen tar du stien til venstre. Ny stigning før du kjem til Vorlandstuva. Følg skilt/merkepinner vidare til Randifjell. Ein del våte parti både frå Førde og Vorland. Godt skotøy er anbefalt.

Les meir om turen på UT.no






Storaskjenet

| | |
|-----------------------|---------------------------------|
| Startpunkt | Skogsvåg barneskule |
| Normal gangtid | 2 timar. 4,2 km t/r |
| Høgde | 175 m.o.h. |
| Parkering | Sundhallen (Finkelhølsvegen 56) |

TURSKILDRING: Parker ved Sundhallen. Gå opp til «rundkøyringa» ved Skogsvåg barneskule der turen startar på grusveg (den til venstre med infotavle for tur-område). Etter eit stykke på grusveg kjem du til stikryss. Ta til høgre opp gjennom skogen. Her er det klatretau og disser. Følg merka løype vidare. Det kan vere noko vått på enkelte stader. Fin utsikt på toppen. Sau på beite om sommaren. Vis omsyn.

Les meir om turen på UT.no



Haganesfjellet

| | |
|-----------------------|---|
| Startpunkt | Til venstre i svingen rett før parkering |
| Normal gangtid | Ca. 2 timar. 5,2 km rundtur. |
| Høgde | 232 m.o.h. |
| Parkering | P.plass på høgre side av vegen eit lite stykke etter Haganesvatnet. |

TURSKILDRING: Følg vegen litt tilbake frå parkeringen. Sti inn til høgre i svingen. Litt bratt stigning på smal sti etter nokre hundre meter. På toppen kan ein velge å gå rett fram eller til høgre. For å få ein fin rundtur er det best å gå rett fram. Ein går då forbi fleire fine små fossefall og vatn. Følg stien til høgre etter dette. Vått parti på flaten før siste stigning. Gå først til venstre etter denne flaten, deretter til høgre. Følg fjellsida opp til toppen. Flott rundskue. **Les meir om turen på UT.no**





Kyrkjevegen i Fjell



På veg til Gardafjellet | Foto: Kine Fjellstad



Signalen



Gardafjellet

FINE TURAR I MIDTEN

I midten av Øygarden er det flott natur, og turane som vert presentert her er eit fint høve til å verta kjent med dette området. Turane passar for både store og små.



Spjeldsfjellet

| TURAR: MIDTEN | SIDE |
|-------------------|------|
| Liatårnet | 30 |
| Høgafjellet | 31 |
| Kanikahaugen | 32 |
| Larslibua | 33 |
| Spjeldsfjellet | 35 |
| Gardafjellet | 36 |
| Signalen på Møvik | 37 |
| Maggevikja | 38 |
| Sandeie | 39 |
| Ånesvika | 41 |



Liatårnet

| | |
|-----------------------|--|
| Startpunkt | Haganes |
| Normal gangtid | 4 timar. 8,8 km t/r |
| Høgde | 341 m.o.h. |
| Parkering | Haganes (grusplass på høgre side av vegen etter Haganesvatnet) |

TURSKILDRING: Det høgaste fjellet i Øygarden er eit populært turmål, med utsikt i alle himmelretningar. Det er fleire startpunkt, men her tek me utgangspunkt i stien som følger Nordsjøløypa frå Haganes. Følg vegen nokre hundre meter tilbake etter parkering. Stistart i svingen på høgre side av vegen. Følg stien oppover skaret. Ved skilt på toppen av skaret skal etniske følge skilt mot venstre, men fortsette rett fram mot aust. Etter nokre fine små fossefall går stien til venstre. Følg raude merker nordover. Etter eit stykke kjem ein inn att på Nordsjøløypa. Følg denne til toppen. Bratt stigning siste del opp mot Liatårnet. Andre startpunkt er parkeringsplassen ved Fjell Festning, frå Li eller frå toppen av Bildøybakken.

Les meir om turen på UT.no



Høgafjellet

| | |
|-----------------------|---|
| Startpunkt | Haganes |
| Normal gangtid | 2 timar. 5,6 km t/r |
| Høgde | 300 m.o.h. |
| Parkering | Haganes (grusplass på høgre side av vegen etter svingen rett forbi Haganesvatnet) |

TURSKILDRING: Flott tur med fantastisk utsikt på toppen. Det kan vere nokre våte parti på stien så hugs gode sko. Det er fleire startpunkt, men her tek me utgangspunkt i stien som følger Nordsjøløypa frå Haganes. Følg same veg som turen til Liatårnet og Haganefjellet. Stistart i svingen. Følg stien oppover skaret. Ved skilt på toppen av skaret skal ein ikkje følge skilt mot venstre, men fortsette rett fram mot aust. Oppe ved Kattatjørna går stien til venstre. Følg raude merker nordover. Etterkvart ser ein varden på Høgafjellet oppe til venstre. OBS kanten av stupet.

Les meir om turen på UT.no





Kanikahaugen

| | |
|-----------------------|--|
| Startpunkt | Tellnesskogen (nedre parkering Fjell festning) |
| Normal gangtid | Ca 1,5 timar. 4,2 km rundtur |
| Høgde | 173 m.o.h. |
| Parkering | Tellnesskogen (nedre parkering Fjell festning) |


TURSKILDING: lett tur, men det er nokre våte parti på vegen. Ha på gode sko. Følg asfalten mot Fjell Festning. Gå inn på stien på venstre side av vegen ved Bålasteinen. Det er skilta Kanikahaugen. Etter innsjekk på toppen går stien vidare rett fram. Etterkvart kjem ein opp til grusvegen rundt Fjell Festning. Her kan ein gå ned mot høgre og gå asfaltvegen ned igjen til parkeringen. **Les meir om turen på UT.no**



Larslibua (Kyrkjevegen Foldnes-Hjelteryggen)

| | |
|-----------------------|--|
| Startpunkt | Parkeringsplassen ved Foldnes kyrkje |
| Normal gangtid | 20 minutt gangtid til Larslibua |
| | Ca. 1,5 time. 5,2 km t/r (heile løypa) |
| Høgde | 17 m.o.h. |
| Parkering | Parkeringsplassen ved Foldnes kyrkje. |

TURSKILDING: Følg grusa turveg frå Foldnes til Hjelteryggen. Etter ca 15 minutt gange kjem ein til Larslibua som står ved Larslivatnet. Løypa er universelt utforma, så også rullestolbrukarar kan nytta den fram til Larslibua. Drikkevatt og rasteplassar langs vegen mot Hjelteryggen. Løypa har automatisk belysning om kveldane. **Les meir om turen på UT.no**





Algrøy i storm



Spjeldsfjellet frå Fjæreide

| | |
|-----------------------|--|
| Startpunkt | Ved snuplassen på Fjæreide. |
| Normal gangtid | Ca. 2 timar. 5 km t/r |
| Høgde | 165 m.o.h. |
| Parkering | Langs vegen (nokre hundre meter før snuplassen på Fjæreide.) |

TURSKILDRING: Stistart opp til venstre ca 100 meter forbi snuplass på Fjæreide. Flott sti med over 40 klopper over dei våte partia, laga av gamle Sotra-Øygarden Turlag. Stien er ein del av Nordsjøløypa. Rett før ein kjem til Spjeld går stien vidare oppover mot venstre. Litt meir stigning her på slutten. På Spjeldsfjellet har ein utsikt i alle himmelretningar. Alternativt kan ein starte på Spjeld eller på Kårtveit, men her er det vanskelegare å parkere. **Les meir om turen på UT.no**





Gardafjellet

| | |
|-----------------------|--|
| Startpunkt | Nedre parkeringsplass for Fjell kyrkje |
| Normal gangtid | Ca. 1,5 time. 4km t/r |
| Høgde | 44 m.o.h. |
| Parkering | Nedre parkeringsplass Fjell Kyrkje |

TURSKILDRING: Gå først vidare innover på asfaltvegen Kvednhaugen. Kryss vegen og gå inn på grusveg, sti til venstre etter nokre meter. Etter litt stigning og litt flatare terreng langs vatnet tek ein inn til venstre. Stidele er merka med raud pinne. Her er det laga trapper/kloppar i terrenget. Følg raude pinnar til Gardafjellet. Kloppar på dei våtaste partia, men nokre våte parti utanom. Her er beiteområde, vis omsyn. Fin utsikt i alle retningar frå toppen. Gå vidare i austleg retning. Etter ei stund går ein over ei bru, og følgjer stien vidare til ein møter den gamle kyrjevegen att. Ved stidele: gå til høgre mot Fjell og parkeringsplassen. Ein kan også gå frå f.eks. Morland, Kolltveit eller Kleivane, men då er det vanskeleg med parkering.

Les meir om turen på UT.no



Signalen på Møvik

| | |
|-----------------------|--|
| Startpunkt | Signalvegen, bak Kiwi på Møvik |
| Normal gangtid | 1 time. 3km rundtur |
| Høgde | 159 m.o.h. |
| Parkering | Kiwi Møvik, lengst vekk frå inngangen. |

TURSKILDRING: Turen startar ved Kiwi på Møvik (har du bil bør du parkera lengst vekk frå inngangen). Følg Signalvegen til endes og fortsett oppover ein grusveg. Fin utsikt etter kort tid. Etter omlag 400 meter kjem du opp til Signalvatnet og ei lita demning på høgre hand. Her kan du gå over betongmuren og følge stien vidare. Stien er berre delvis merka, men lett å følgje. Den første toppen du kjem til er austre Signaltoppen. Her er det turkasse. Utsikt mot store delar av kommunen. Du ser også innover mot Askøybrua. Følgjer du stien vidare mot vest kjem du til vestre Signaltoppen. Flott utsikt mot havet her. Siste del av turen er noko brattare. Ved demningen er det laga trapp ned den brattaste skrenten. Du kjem tilbake til grusvegen ved demningen. **Les meir om turen på UT.no**





Maggevikja

| | |
|-----------------------|----------------------------|
| Startpunkt | Algrøy skule (Gangstø) |
| Normal gangtid | 2 timar. 5,2km rundtur |
| Høgde | 15 m.o.h. |
| Parkering | Ved Algrøy Skule (Gangstø) |

TURSKILDRING: Gå inn Kongvikvegen og forbi bedehuset. Ved ei stor raud løe på venstre side av vegen går du gjennom ei grind. Følg grusvegen til endes, men ta til venstre på slutten før neste grind. Du vil etterkvart sjå gule merkepinner. Følg desse heile vegen. Når du kjem til Smalanese følger du dei gule pinnene nordover retning Maggevikja. Det er eit lite stykke klyving for å kome ned på svaberga. På uværsdagar er det viktig å halde god avstand til havet. Brotsjø kan oppstå. Den karakteristiske Maggesteinen er ein stor steinblokk som ligg rett på utsida av svaberga. Denne kan du sjå frå turkassa. Når bølgene står på er det eit spektakulært skue. Merk at det kan være ein del våte parti på nordsida av turen. **Les meir om turen på UT.no**



Sandeie

| | |
|-----------------------|--------------------------|
| Startpunkt | Algrøy skule(Gangstø) |
| Normal gangtid | ca 4 timar. 9 km rundtur |
| Høgde | 8 m.o.h. |
| Parkering | Algrøy skule (Gangstø) |

TURSKILDRING: Kystkulturlandskap ytst i havgapet. Her har havet skylt inn skjelsand og danna ei lun vik med naturleg skjelstrand. Stien startar ved grind innerst i Storvegen før parkering. Følg skilting mot Sandeie og Idlefjell. Bruer og klopper over dei våtaste partia mot Idlefjellet Noko meir kupert terreng frå Idlefjell til Sandeie. Følg stien nedover retning sjøen. Ta til høggre ved stiskille. Inn til venstre ligg Ånesvika. På returen kan ein velge å gå rundløypa via Trollskoggen. Då tek ein til venstre når det står skilt "til blå sti". Det kan vere vått på stien, bruk godt skotøy. Det kan også blåse friskt på toppen, så det er viktig å kle seg etter været! **Les meir om turen på UT.no**





Ånesvika | Foto: Karina Dale



Ånesvika

| | |
|-----------------------|---|
| Startpunkt | Algrøy skule (Gangstø) |
| Normal gangtid | Ca. 3 timar. 5,8 km t/r |
| Padling | Ca. 2 timer roleg padling frå Møvik |
| Høgde | 1,5 m.o.h. |
| Parkering | Algrøy skule (gange), Storesund (padling) |

TURSKILDING: Stien startar ved grind innerst i Storvegen før Algrøy skule (Gangstø). Følg skilting mot Sandeie og Idlefjell. Etter Idlefjell meir kupert terreng. Følg stien nedover retning sjøen. Ta til venstre ved stiskille nede på flaten der det er restar av gamal steingard. Vått i stien. Bruk godt skotøy. Turen kan også padlast. Start Møvik eller Syltøy Storesund. **Les meir om turen på UT.no**

I Ånesvika er det ein enkel kabin som kan leigast for overnatting. Kontakt: post@nullmeteroverhavet.no.



KAJAKKUTLEIGE
Tlf: 4612 34 091
Web: northernexposure.no
Facebook: Northern Exposure



Skogsøy



Dethloffhytta / Foto: Kine Fjellstad



Ein Padletur i nærleiken av Kystmuseet i Rong



Dethloffhytta



FLOTTE TURAR I NORD

Nord i Øygarden har flott natur, og turane som vert presentert her i Kystpasset er eit fint høve for deg å verta kjent med dette området. Turane passar for både store og små.



Små gleder på tur!

| TURAR I NORD | | SIDE |
|----------------|--|------|
| Storskora | | 44 |
| Jurefethaugen | | 45 |
| Ormhilleren | | 47 |
| Anekletten | | 48 |
| Dethloffhytta | | 49 |
| Rambua | | 50 |
| Skogsøy | | 52 |
| Kvednane | | 53 |
| Gløvrebua | | 54 |
| Rubbegarnståna | | 55 |



Storskora

| | |
|-----------------------|---|
| Startpunkt | Du ser inngangen til stien 100 m før du kjem til P-plassen. |
| Normal gangtid | 1 time. 2,5 km t/r |
| Høgde | 22 m.o.h. |
| Parkering | Turøyvegen, parkeringsplass ca. 200m før Turøybrua. |

TURSKILDRING: Ta av FV 561 og køyr retning Turøy. Du ser inngangen til stien 100 m før du kjem til parkeringsplassen. Følg blå merker ut til fyret. Lett tur. Storskora er ein fin tursti og det er fine klatremoglegheiter på vestsida av øya. Turen kan gjerne kombinerast med tur i Vikåsen. For dei som ynskjer å fiske er det mange gode fiskeplassar frå land. På sørsida av vegen er det ei fin badevik, denne vart i eldre tider brukt som kastevåg. **Les meir om turen på UT.no**



Jurefethaugen

| | |
|-----------------------|--|
| Startpunkt | Toft |
| Normal gangtid | 2 timar. Ca 5 km rundtur |
| Høgde | 48 m.o.h. |
| Parkering | Offentleg parkering på Toft, på høgre side av Vestrevegen. |

TURSKILDRING: Turen startar i Vestrevegen ved parkeringsplassen. Følg svingen mot venstre og fortsett rett fram. Ta av til Bølgekraftvegen på venstre side. Her startar grusvegen. Gå inn til turstiene til venstre etter brua. Gå ned mot sjøen og følg blå merking gjennom skogen. Ta til venstre ved første stiskille i skogen. Ta til høgre nede ved sjøen og følg blå merking oppover fjellsida. Ver merksam på at det er stup ved postkassa. Gå vidare sørover retning bilvegen. Ta ein u-sving ved bilvegen og følg merking som går tilbake på nedsida av fjellsida. Ta til høgre ved vatnet, over steinuren. Litt bratt sti opp fjellsida. På toppen tek ein til venstre ved stiskille. Følg blå merking heile vegen. Ta til venstre ved stiskille når ein ser bilvegen. Ved Karifloren er det eit stiskille. Det er best å gå til venstre her. Når ein kjem ut av skogen skal ein gå opp skråningen mot bilvegen. Unngå kryssing av bilvegen (80-sone). Gå på venstre side av bilvegen heilt tilbake til parkering på Tofte. **Les meir om turen på UT.no**





Nye Perler i Nordsjøløypa – kunstverket "Blå korall" plassert i sjøkanten på Ormhilleren.



Ormhilleren "BLÅ KORALL"

| | |
|-----------------------|--|
| Startpunkt | Rett etter Rongesundet bru når ein kjem frå Ågotnes. |
| Normal gangtid | ca 1 time. 3 km t/r (heilt ut til kunstverket) |
| Høgde | 11 m.o.h. |
| Parkering | Offentleg parkering ved stistart. |

TURSKILDING: Ormhilleren er ein populær badeplass. Bergen og Omland Friluftsråd har opparbeida eit fint friområde med toalett, grillplass og små teltplassar. Det er grusdekke heilt fram til postkassa som er festa på veggen til toalettet. Frå badevika og ut til kunstverket Blå Korall går ein på sti. Kunstverket vart offisielt opna i november 2021. Det er laga av kunstnar og keramikar Helene Kortner. Det er mange fine stiar i området rundt badevika. Ta gjerne med fiskestang og prøv fiskelukka. **Les meir om turen på UT.no**





Anekletten på Toftøy

| | |
|-----------------------|--|
| Startpunkt | Ved vegkrysset til Torsvik, langs rv. 561 |
| Normal gangtid | Ca. 1,5 timar. 4,6 km rundtur. |
| Høgde | 35m.o.h.(turkasse) 59 m.o.h. (toppen) |
| Parkering | På vestsida av vegen utanfor Torsvik elektriske. |

TURSKILDING: Kryss vegen ved Torsvik elektriske. På austsida av vegen er det sett opp ei tavle med informasjon på fleire språk om denne Nordsjøløypa. Turen er merka med nordsjøløypelogoar og blå merker. Ein går austover ut i utmarka, og dreiar sør og opp på utsiktspunktet Anekletten. Flott utsikt. Vidare sørover kjem ein til restaurerte torvhus. Turkassen står ikkje på toppen men ved eit av desse torvhusa. Stien sluttar i eit hyttefelt innanfor Breivika og går nord for Norlavatnet. Ute på riksvegen følgjer ein gangvegen ca. 1,5 km tilbake til utgangspunktet.

Les meir om turen på UT.no



Dethloffhytta

| | |
|-----------------------|---|
| Startpunkt | Høgre side av vegen rett før slutten av Onevegen. |
| Normal gangtid | Ca. 1 time. 3,2 km t/r |
| Høgde | 14 m.o.h. |
| Parkering | Parkering ved Rong skule |

TURSKILDING: Ta av FV 561 ved Rong senter. Kjør forbi senteret og vidare på Svarteviksvegen. Etter parkering på Rong skule: ta til høgre (Vestesundvegen). Ta andre veg til venstre (Onevegen). Stien startar på høgre side av vegen rett etter ei lita bru. Infotavle ved stistart. Ved første stiskille i starten tek ein til venstre. Turen går ut til vestsida av øya. Heilt ytst ligg Dethloffhytta. Merk at hytta er privat eigd. Vis omsyn. Turkassa er 100m før hytta. Kan gå rundtur om Kvittingsneset lenger sør for å få ein lengre tur. **Les meir om turen og Dethloffhytta på UT.no**





Rambua

| | |
|-----------------------|---|
| Startpunkt | I starten av Stølemyrvegen, venstre side. |
| Normal gangtid | 1,5 time. 3,9 km rundtur |
| Høgde | 46 m.o.h. |
| Parkering | Blomvåg Kyrkje |

TURSKILDING: 14. januar 2023 var det offisiell opning av denne flotte dagsturhytta. Her er det utsikt i alle himmelretningar. På uvørsdagar er det spektakulært å sitte inne i hytta og sjå på bølgene ute på havet. Turstien er merka med blå pinnar. Etter ein noko bratt kneik kjem ein inn i eit våtområde med rikt fugleliv. Spesielt under hekketida er det viktig å vise omsyn til fuglelivet. Det er lagt klopper og steinar over dei våtaste partia. Etter 800m kjem ein til eit stiskille. Her er det skilta både mot Rambua og mot Planteskogen. Vidare mot Rambua er det lett kupert terreng, framleis med klopper og steinar over dei våtaste partia. Frå Rambua kan ein fortsette mot Planteskogen, barnas naturleikeplass, berre 400m vidare. Frå Planteskogen kan ein følge stien vidare ned til stikrysset ein passerte i starten av turen, deretter vidare til stistart i Stølemyrvegen. Merk at det er dyr på beite heile året. Ha hunden i band. Les reglane for besøk i dagsturhytta før ein går inn i hytta. Informasjonen finn ein på veggen på utsida. **Les meir om turen på UT.no**



Rambua, dagsturhytte | Foto: Alf Alden



Padling i skjergarden i Øygarden



Gløvrebu | Foto: Alf Alden



Skogsøy

| | |
|-----------------------|--|
| Startpunkt | Ved infotavle på venstre side av veien rett før Langholmsundet. |
| Normal gangtid | 2 timar t/r. 4,9 km t/r. |
| Høgde | 48 m.o.h. |
| Parkering | Nokre få plassar i lomme på venstre side av veien rett etter Langholmsundet. |

TURSKILDING: Start ved infotavle. Hugs å lukke grinda pga at det går sau på beitet. Ha hunden i bånd. Følg sti langs sundet, gjennom skogen og vidare utover mot havet. God utsikt mot havet i vest. Nokre bratte parti etter skogen. Her er det tau ein kan halde seg i. Frå Skogsøytuva er det flott rundskue, varden er ein flott stad å observere havets krefter. Hugs å halde god avstand, dønningene kan kome langt opp. Skogsøy er også ein mykje brukt fugleobservasjonspost, for å studere fugletrekke haust og vår. Sør for varden har BOF ei dagsturhytte (Hildiringsbu). Her kan ein sitte i ly og sjå på fugletrekke. For å få ein rundtur kan ein følge stien på austsida tilbake til Herdlevær. Fine bade- og teltplassar ved svaberga sør for varden og aust for Hildiringsbu. NB: bratt stup rett bak Hildiringsbu. **Les meir om turen på UT.no**



Kvednane

| | |
|-----------------------|--|
| Startpunkt | Alvheim, i sørenden av Storavatnet. |
| Normal gangtid | 1,5 time. 5 km t/r (til turkassen) |
| Høgde | 5 m.o.h. |
| Parkering | Langs veien ved stistart, Alvheimstræet. |

TURSKILDING: Gå inn på veien mot nord og ta til venstre. Stistart i enden av veien. Følg merka sti på vestsida av Storavatnet, forbi Nordre Kvalvik og gjennom fureskogen til Kvednane. Det er her turkassen står. Her ser ein framleis restar etter ei kvern ved bekken frå vatnet. Frå Kvednane går stien i ope terreng og dreiar etter kvart i nordaustleg retning. Fine klopper på slutten av stien, men det er ikkje mogleg å parkere der stien sluttar, så ein må enten gå tilbake, eller følge hovudvegen tilbake. Då blir det ein rundtur på 6 km. **Les meir om turen på UT.no**





Gløvrebu

| | |
|-----------------------|-------------------------|
| Startpunkt | Bakken gravplass |
| Normal gangtid | 1 time. Rundtur 2,5 km. |
| Høgde | 38 m.o.h. |
| Parkering | Ved gravplassen |

TURSKILDING: Gå frå gravplassen gjennom grind (lukk grinda, beitedyr) og følg merka sti heilt fram til Gløvrebu. Stien er lett å gå, litt kupert gjennom skogen. Når du kjem ut av den opnar det seg eit fantastisk utsyn ut over havet med holmar og skjær. Turkassa henger ved eit tre på sjøsida rett før ein kjem til gapahuken Gløvrebu. Ved Gløvrebu er det satt opp bålpanne og små eldstader. Dette er ein fin plass å raste. Her er det også ein liten sti merka Trollstien. Her kan barna leike og kose seg. Høgdepunktet er turen gjennom "Gløvro" - ein smal passasje i fjellet. Passasjen er rundt 50 m lang, 10 m høg og ca. 40 cm brei på det smalaste – ei spennande oppleving. Etter Gløvro kan ein fortsette vidare på stien i rundløypa tilbake til gravplassen. Det er også fint å ta ytre løype som går på nordsida av skogen. **Les meir om turen på UT.no**



Rubbegarnståna

| | |
|-----------------------|---|
| Startpunkt | Sprengeneset, Hellesøy |
| Normal gangtid | Ca. 1 time. 2,9 km rundtur |
| Høgde | 11 m.o.h. |
| Parkering | Hellesøy kai. Nokre P-plassar ved stistart Sprengneset. |

TURSKILDING: Sving inn til høgre ca 100m etter Hellesundkanalen, til veggen Sprengeneset. Følg denne veggen ca 0,5 km. Det står ei infotavle ved stistart som er på venstre side av veggen. Ein kan starte turen her, eller nokre hundre meter vidare innover. Stien er godt merka og er godt tilrettelagt med klopper over dei våtaste partia. Den austlege delen av turen er noko meir kupert og våt enn den vestlege delen. På stien på austsida er det eit stiskille nær sjøen. Den eine stien går inn i eit hyttefelt og skal ikkje brukast. Følg skilting mot Hellesøy til høgre om du kjem frå fyret. Ta til venstre mot nordvest om du kjem frå aust. Turkassen står i skogen litt sør for fyret. **Les meir om turen på UT.no**





Opplev Øygarden

På ei samleside for opplevingar i Øygarden kommune finn du lenkjer til turar og arrangement du kan delta på, turstiar du kan gå i Øygarden, musea våre og attraksjonar. På Facebook vil arrangement vera tilgjengelege.



Foto: Alf Alden

Kunst i Nordsjøløypa

November 2022 blei det andre kunstverket i nordsjøløypa, «Livets Portal» av Beate Einen, opna. Kunstverket er det andre av tre installasjonar som skal setjast opp langs turstiar i Øygarden. I løpet av sommaren er planen å realisere det tredje og siste kunstverket, «Biepaviljongen» på Ekerhovda.

Nordsjøløypa er spesielt rik på kulturminne og bind saman gamle ferdselsårar. Saman med musea våre formidlar vi samanhengar mellom fortid, nåtid og framtid. Vi ønskjer at «Blå korall», «Biepaviljongen» og «Livets Portal» kan utvide turopplevinga og vera eit turmål i seg sjølv. Du finn meir informasjon om kunsten på nettsida til kommunen under Opplev Øygarden.



Vestland fylkeskommune

Museum Vest

OYGARDEN.KOMMUNE.NO/OPPLEVOYGARDEN

SARTOR STORSENTER



Rong Senter

ENTREPRENØR
JOSTEIN OEN AS
tlf: 920 88 415



TLF: 56 31 41 00



TLF 951 87 323 / 971 10 336





Dine føtter trenger mer enn gode sko!
Timebestilling avd Rong senter
940 23 865

Snarkjøp
- din nærbutikk

Heggholmen Landhandel

Vei, vann og avløp • Fjellsprengning og sikring
Betongkonstruksjoner • Grunnarbeid • Boligbygging

Hylland AS
Fagkunnskap gir solide resultater

Leirvikflaten 31, 5179 Godvik
E-post: kontor@hyllandas.no • www.hyllandas.no • Tlf. kontor: 940 17 200

**JUST
PADEL**

KALLESTAD TRANSPORT AS

tlf: 932 19 288

KIWI mini pris
Sund Senter

Ks KLEPSVIK
& SØNNAS

Kaien Håkonsund - 56338650 • Sund Senter - 56337444



marianns
Hud Kropp Spa
Tlf: 56 32 10 42 | www.marianns.no

MEKK

Skikkelig bra greier

MEKK Ågotnes
Telefon 97 30 59 51
09.00-20.00 (09.00-18.00)



Gardsmat og ysteri
Utanpådalen 58, Glesvær



PANORAMA
HOTELL & RESORT

www.panoramahotell.no | tlf: 56 31 90 00



Sælstøvegen 2, 5337 Rong
Tlf: 55 26 90 60 / 975 98 036
Bensin - Diesel - Fyringsolje - Parafin

REMA 1000
SKOGSVÅG
06-23 (07-22)



roger jordalen
maskin a.s.
5380 TELAVÅG • Mobil 91 37 70 72

Collegium
REVISJON - ØKONOMI
5382 Skogsvåg - Tlf. 56 33 77 22 - www.collegium.no

NORDBOHUS B TELLE
TREARBEID AS
Et selskap i Telle Gruppen

**Sartor
Dränge**

Sartor vvs
GODKJENT RØRLEGGERFIRMA

SEKKINGSTAD BIL

TLF. 98 69 44 77



Sund Apotek
Helsehuset, Skogsskiftet

Åpningstider: man-fre 9-18, lør 10-16



Salg av nye og brukte biler. Salg og utleie av bobiler.
Kjøp av brukte biler.

VI HAR VERKSTED MED
ALLE GODKJENNINGER I ALLE VEKTKLASSER


Tellnes Næringspark 28 Tlf. 56 33 10 00
5357 Fjell/ Øygarden www.tellnesautosenter.no



Midtstegen, 5382 Skogsvåg Tlf. 56 33 74 50



KLEPSVIK MAT AS
8-21 (9-20)



RONG SENTER

OPNINGSTIDER:
man - fre 7-22, lør 8-20



Bestill fra din smarttelefon: 56 33 70 70
Last ned appen FixIT Timebestilling
fra App Store eller Google play



TLF 56 31 95 00
www.tmr.no



Øygarden apotek
Rong Senter
TLF 56 38 90 00



Kvednatunvegen 3,
5347 Ågotnes



GUTTA PÅ TUR

TUSEN TAKK til Rune Alvsaker Erichsen, Per-Erling Tellnes og Karstein Golten som samla inn kr. 21.528,- til Sotra Øygarden Turlag. I august 2022 gjekk dei ein spektakulær tur i Jotunheimen. I løpet av fire dagar gjekk dei 80 km, 3800 høgdemeter og besøkte fire DNT hytter! Me vil takke alle som bidrog i Spleisinnsamlinga.



Tirsdagsgruppa og Onsdagsgruppa

Seniorgruppa er delt inn i Tirsdagsgruppa og Onsdagsgruppa. Dei arrangerar turar med høg sosial faktor. Det er gratis å vere med på våre arrangement dersom ikkje anna er annonsert.

Målgruppa for turane er seniorar som ynskjer å kome i fysisk aktivitet og bli ein del av eit sosialt turmiljø. Andre som har høve til å gå tur på dagtid er også velkomne.



Søndagsgruppa

Søndagsgruppa er frå tidlegare Sotra-Øygarden Turlag. Denne gruppa arrangerer fellesturar annakvar søndag frå mars til desember, delt inn i vår- og haustprogram. Det er varierte turar som er opne for alle som ynskjer å gå på tur saman med andre.

Barnas Turlag Turboklubben

Barnas Turlag har arrangement og turar for barn i alderen 0-12 år.






























Det er gratis å vere med på aktivitetane dersom ikkje anna er annonsert. Turboklubben er eit lågterskel friluftslivstilbod for barn, med faste treff i nærmiljøet. Målet med Turboklubben er å lære barn enkelt og naturvenleg friluftsliv ved å være ute saman, leike, oppleve, undre, utforske og lære om naturen. Det gjev barna sjølvtilitt og god sjølvkjensle gjennom meistring i naturen.



Per i dag er det for få frivillige i Barnas Turlag/Turboklubben. **Har du lyst til å bli med og drive tilbudet vidare, ta kontakt her: sotraoygarden.turlag@dnt.no**

TURPROGRAM VÅREN 2023 / TIRS- OG ONSDAGSGRUPPA

| DATO | TURMÅL | OPPMØTESTAD/TID | VARIGHEIT |
|-------|--|--------------------------|-----------|
| 11.04 | Øvretveit, gl. kyrkjegard | Øvretveit kl.10.30 | 2.5 t |
| 12.04 | Fjæreide-Kårtveit-Spjeld-Fjæreide, rundtur | Fjell kyrkje kl.10.30 | 5 t |
| 18.04 | Storavatnet rundt Sælekl | Tofterøy skule kl.10.30 | 4 t |
| 19.04 | Lynghovda og Grana | Fjell kyrkje kl.10.30 | 4.5 t |
| 25.04 | Fjell Bildøybakken | Hald stadion kl.10.30 | 3.5 t |
| 26.04 | Storskora og Tyrøyvarden | Fjell kyrkje kl.10.30 | 4 t |
| 02.05 | Bekhilderen | Telavåg stadion kl.10.30 | 3 t |
| 03.05 | OPPTUR for 8. klasse. Turleiarane hjelper til her. | | |
| 09.05 | Tyssøy | Hald stadion kl. 9.30 | 4 t |
| 10.05 | Kolbeinsvarden på Askøy | Fjell kyrkje kl.10.30 | 4,5 t |
| 16.05 | Skogsøy | Hald stadion kl.10.30 | 3,5 t |
| 23.05 | Førde-Veten | Førde kl. 10.30 | 3,5 t |
| 24.05 | Solbakkafjellet i Fana | Fjell kyrkje kl.10.30 | 5,5 t |
| 30.05 | Fedje-nordsjøløypa | Hald stadion kl. 08.30 | Heildag |
| 31.05 | Bildevatnet rundt | Fjell kyrkje kl.10.30 | 3,5 t |
| 06.06 | Oppstemten | Hald stadion kl. 09.30 | 5 t |
| 07.06 | Havutsikten, deretter grilling i Kårtveitpollen friluftsområde | Fjell kyrkje kl.10.30 | 3,5-4 t |
| 13.06 | Bekkjarvik-Kongsen | Hald stadion kl. 08.30 | Heildag |














| DATO | TURMÅL | OPPMØTESTAD/TID | VARIGHEIT |
|-----------|---|--|---|
| 13.-18.08 | Opphald/turar Grønolen Fjellgard, Beito, Valdres | Påmelding innan 30.06 https://sotraoygarden.dnt.no/ | 5 døgn  |
| 22.08 | Grana | Telavåg skule kl.10.30 | 2 t  |
| 23.08 | Kvamskogen OBS! tidleg oppmøte | Fjell kyrkje kl. 09.00 | Heildag  |
| 29.08 | Risøy | Glesvær kl. 10.30 | 4 t  |
| 30.08 | Gåsavatnet, Nipa-Nipasåta, rundtur | Fjell kyrkje kl.10.30 | 4,5 t  |
| 05.09 | Alvøyskogen | Hald Stadion kl. 09.30 | 4 t  |
| 06.09 | Ormhilleren | Fjell kyrkje kl.10.30 | 4 t  |
| 13.09 | Lerøy | Klokkarvik ferjekai kl. 12.40 | 3,5 t  |
| 13.09 | Spjeldsfjellet | Fjell kyrkje kl.10.30 | 3,5 t  |
| 19.09 | Rambogen | Hald Stadion kl. 10.30 | 2,5 t  |
| 20.09 | Hordnesskogen, Stend | Fjell kyrkje kl.10.30 | 4,5 t  |
| 26.09 | Viggohytta-Gravdalsfjellet | Hald Stadion kl. 09.30 | 4,5 t  |
| 27.09 | Bekhilderen | Fjell kyrkje kl.10.30 | 4,5 t  |
| 03.10 | Lutatangen | Nedre Golta kl. 10.30 | 3 t  |
| 04.10 | Øvre Golta | Fjell kyrkje kl.10.30 | 3,5 t  |
| 10.10 | Bjelkarøy | Klokkarvik ferjekai kl. 12.40 | 3,5 t  |
| 17.10 | Dethloffhytta, Rong | Hald Stadion kl. 10.30 | 4 t  |
| 18.10 | Fjæreidevatnet rundt | Fjell kyrkje kl.10.30 | 4 t  |
| 24.10 | Børnestangen | Sund skule kl. 10.30 | 4 t  |
| 25.10 | Vikåsen | Fjell kyrkje kl.10.30 | 3,5-4 t  |
| 31.10 | Glesnes-Keipen | Glesnes skule kl. 10.30 | 4 t  |
| 01.11 | Sotra Arena-Snekkevik-Gavlen-Sotra Arena | Fjell kyrkje kl.10.30 | 3,5 t  |
| 07.11 | Varden på Lokøy | Hald Stadion kl. 10.30 | 2 t  |
| 08.11 | Smøråsfjellet | Fjell kyrkje kl.10.30 | 3,5 t  |
| 14.11 | Gitaren-Kleppaksla- Forland | Stranda skule kl. 10.30 | 3 t  |
| 15.11 | Gardafjellet | Fjell kyrkje kl.10.30 | 2,5 t  |
| 21.11 | Glesnes rundt og kafèbesøk | Glesvær kai kl. 10.30 | 3 t  |
| 22.11 | Gløvrebu | Fjell kyrkje kl.10.30 | 4 t  |
| 29.11 | Avslutning av turåret – Juleavslutning | Påmelding innan 22.11 https://sotraoygarden.dnt.no/ | 3-3,5 t  |



SØNDAGSGRUPPA



TURPROGRAM VÅR OG HAUST 2023 / SØNDAGSGRUPPA

| DATO | TURMÅL | OPPMØTESTAD /TID | VARIGHEIT |
|-------|---|--|---|
| 02.04 | Vindeneskvarven | Ved bedehuset Vindenes kl. 10.30 | 3 t  |
| 16.04 | Dagsturhytta Rambua frå Blomvåg | Parkering ved kyrkja kl. 10.30 | 2,5 t  |
| 30.04 | Lutatangen frå Golta | Parkering Golta kl. 10.30 | 3-3,5 t  |
| 31.05 | 7- fjellsturen Haganes - Spjeld | Parkering Haganes NB! start kl. 09 | 7-8 t  |
| 04.06 | Toftøyna N Vik. Turen går via Vikåsen mot Jurefethaugen | Parkering N. Vik kl. 10.30 | 3 t  |
| 18.06 | Viggohytten, Gravdalsfjellet | Ved Rådhuset, Fjell NB! start kl. 10 | 3 t  |
| 13.08 | Spjeldsfjellet frå Fjæreide tur/retur | Fjæreide, v. side av vegen kl 10.30 | 2,5 t  |
| 27.08 | Bekhilderen frå Telavåg | Telavåg idrettsplass kl 10.30 | 3,5 t  |
| 10.09 | Hjelme - Rubbegarnståna | Ved Hjelme gamle kyrkje kl. 10.30 | 3,5 t  |
| 24.09 | Algrøyna - Krabbekjeila, rundtur | Parkering ved Algrøy skule kl. 10.30 | 3 t  |
| 08.10 | Selekletten - Selsfjellet - Hummelsund, rundtur | Parkering Tofterøy skule kl. 10.30 | 2,5-3 t  |
| 22.10 | Misje, vest i markja | Før Solsviksundet bru ved rasteplass kl. 10.30 | 2 t  |
| 05.11 | Kanikahaugen - Fjell festning - Vardefjellet. Tilbake går me sør gjennom skogen. | Parkering Tellnesskogen kl. 10.30 | 3-5 t  |

SLIK BRUKAR DU KLIPPEKORTET:

Når du gjennomfører eit av dei 30 turmåla i dette heftet klipper du eit hol ved turmålet som står på klippekortet. Ved kvart turmål er det ein turkasse. Oppi her er det klippetang. Skriv deg gjerne inn i turboka som ligg i turkassa ved nokre av turmåla.

Når du har gått minst 10 turar er du med i trekninga av fine premiar (barn under 6 år minst 7 turar). Dei som går alle 30 turane får eit merke (pin). Det blir også trekt premiar blant dei som har minst 10 forskjellige innsjekk i SjekkUT-lista "Kystpass2023" (meir informasjon om UT.no på side 7).

Trekning vert kunngjort på nettside og Facebook, både for Kystpass og SjekkUT. Bruk gjerne emneknaggen # kystpass2023 når du går Kystpassstur.

Vil du ha med eitt av dine turbilete i Kystpasset 2024? Send bilete til oss på epost sotraoygarden.turlag@dnt.no. Biletet må ha god oppløysing. Me trekker ut dei beste bileta som blir med i Kystpasset 2024, med kreditering.

NIVÅ PÅ TURANE



ENKEL



MIDDELS



KREVIJANDE



DEL AV
NORDSJØLØYPE

Neste nivå er ekspert, slike turar har vi ikkje i Øygarden Kommune



Lerøy

Børnestangen

Gløpsa

Grana

Bekhilderen

Selekletten

Veten

Randifjell

Storaskjernet

Haganes-
fjellet

Liatårnet

Høgafjellet

Kanikahaugen

Larslibua

Spjeldsfjellet

Gardafjellet

Signalen
på Møvik

Maggevikja

Ånesvika

Sandeie

Rubbegarnståna

Scan qr-koden
og støtt vårt
gode arbeid



Vipps
689652

Namn

Adresse

Alder

Telefon

e-post



Er medlem i DNT lokallag

Alle som har gått minst 10 turar (barn under 6 år minst 7 turar) er med i premietrekninga, men for å vere med i trekninga av hovudpremien må du være DNT-medlem. Hugs å krysse av her. Klippekortet kan du levere inn på eit av folkebiblioteka innan 4. mars 2024. NB: Kystpassmerket (pin) vert berre delt ut på biblioteket på Straume. Pins kan hentast på Straume bibliotek frå januar 2024, dersom du har gått alle 30 turane.

Manglar det klippetang, er boka fullskrivnen eller er det noko anna du vil melde frå om? Send gjerne epost til oss: sotraoygarden.turlag@dnt.no

Storskora

Jurefethaugen

Ormhilleren

Anekletten

Dethloffhytta

Rambua

Skogsøy

Kvednane

Gløvrebu



Grafisk formgivning: Fjelldesign.no

KLIPPEKORT

30 TURMÅL FOR STORE OG SMÅ!



FØLG OSS GJERNE FOR MEIR INFORMASJON OM
TURAR, PREMIAR OG ARRANGEMENT

Sotra Øygarden Turlag

Facebook: <https://www.facebook.com/sotraoygarden/>

Heimeside: <https://sotraoygarden.dnt.no/>

Instagram: <https://www.instagram.com/sotraoygardenturlag/>

Sotra Øygarden Turlag

